



Reglar for utleige av kommunale bygningar i samband med Covid-19

Det er grunnleggande viktig for alle verksemder å følgje - og bidra til at besøkande følgjer - dei grunnleggande smittevernråda;

- god handhygiene
- avstand > 1 m
- halde-seg-heime-når-teikn-til-sjukdom

Eit forsvarleg reinhald skal i tillegg sikre at smitterisikoen vert minimert.

Kommunal aktivitet

På ordinære skuledagar og i samband med kommunale tilbod som kultur- og idrettsskule vert etablerte prosedyrar vidareførte.

Når skulane no tek i bruk fleire rom som vert nytta av både skule og leigetakarar er det viktig at bruken gir rom for det daglege reinhaldet.

Eit rom som har vore brukt på kveldstid må vera reingjort til neste skuledag.

Det vert oppmoda om mest mogeleg uteaktivitet i gym-timar fram til haustferien.

Det vert vidare oppmoda om at skulen nyttar digitale verktøy i ordinære møte med foreldre og andre, i den grad dette let seg gjera.

Dersom det er trong for å gjennomføre møte « fysisk » må ein sjølvstilt følgja gjeldande smittevernreglar.

Utleige

Etablerte ordningar for kor og korps vert vidareførte med eventuelle tilpassingar. Kvar leigetakar inngår skriftleg avtale med rektorar.

Andre med faste organiserte aktivitetar i kommunen tek kontakt med rektorar for ev tilrettelegging, td sjakkklubb og 4H.

Ved større arrangement vert laga oppmoda om å nytta samfunnshus/grendahus.

Ein oppmodar om at idrettsaktivitetar skjer ute, i første omgang fram til haustferien.

Det vert ikkje lagt opp til dusjing etter aktivitet, men høve til å nytte garderobe for byting av klede.

Skulane og barnehagane skal ikkje leigast ut til private leigetakarar, td politiske møte, bursdagsfeiringar mm. Desse kan verta vist til lokale forsamlingshus.

Grunnleggande reinhaldsreglar for leigetakarar

Kontaktpunkt/berøringsområde vert reingjort med mikrofiberklutar og vanlege reingjeringsmiddel. Klutar skal bytast hyppig.

Det har vist seg at vanleg vask med såpe og vatn er tilstrekkeleg for å halda smitten unna.

Det er viktig at det vert gjennomført god handhygiene før og etter reingjering.

Av smittevernutstyr er det berre hanskar som skal nyttast ved reingjering.

Ansvarleg utleigar og reinhaldar sørgjer saman for at det er tilstrekkeleg med klutar og reingjeringsmidlar til arbeidet.

Av omsyn til eventuell smittesporing skal alle leigetakarar føra liste over kven som til ei kvar tid har delteke i aktivitet. Desse skal oppbevarast minimum 10 dagar.

Desse retningslinjene er gjeldande inntil vidare. Ny evaluering i samråd med smittevernlege vert gjort i veke 40, eventuelt tidlegare om det er behov for det.

Eventuelle spørsmål som gjeld smittevern kan laga ta opp med utleigar som kan hente inn meir informasjon om det vert naudsynt.

Kva skal reingjerast	Kven skal utføra	Frekvens
Alle dispenserar til såpe, tørkepapir, toalettpapir osv. Også sørge for at desse til ein kvar tid er fylt opp.	Reinhaldar	Dagleg
Grunnleggande reinhald av toalett	Reinhaldar	Dagleg
Grunnleggande reinhald av golv	Reinhaldar	Dagleg
Evt. bord og stol-/sofa-armlene og -rygger (der ein tek) i fellesareal dersom det finst slike som ikkje er del av utleigearealet	Reinhaldar	Dagleg
Kontaktflater som «alle besøkande» tek på, eks. ytterdør, dørøpnarar, heiser/betjeningspanel, trappegelender o.l.	Reinhaldar	Dagleg
Forsterka reinhald av kontaktflater i klasseromma	Delegert ansvar til lærar/elev	Dagleg
Vatn-kranar og dørhandtak på toalett som er brukt, samt kontaktflater som mange brukarar har tatt på, eks. ytterdør, sal-dør, dørøpnarar.	Leigetakar	Etter kvar gruppe som har brukt lokale/utstyr
Utstyr, som stolar (øvre del stolrygg), treningsutstyr, tjukkas o.l.	Leigetakar	
Bord, kjøkkenutstyr og service som har vore i bruk	Leigetakar	
Sjøppeltømming	Dagleg/ evt. av leigetakar	Etter vanlege rutinar



Masfjorden kommune

Reglar for utleige av kommunale bygningar i Masfjorden hausten 2020

Leigetakar:

Utleigetid dag/ tid:

Me er kjende med reglane for smittevern som er vist i vedlegga som ligg ved denne avtalen.

Leiar må velje ansvarleg person som skal ivareta smittevernet og reinhaldet kvar gong lokalet er i bruk.

Det skal førast frammøtelister som skal oppbevarast minimum 10 dagar for evt. smittesporing.

Dato: _____

Utleigar: _____

Leigetakar: